

Valprogram for Raudt Alver

2019 - 2023





Utvikling og vekst

Framtidig utvikling av Alver må skje på ein sosial, klimanøytral og berekraftig måte. Alver kommune skal ha eit mål om å vera eit internasjonalt førebilete og utstillingsvindauga for endring og utvikling. Dette skal skje i ein kombinasjon av vidareutvikling av bruk og kunnskap om lokale ressursar. Me vil utvikla Alver som Bergensregionens miljøvenlege og nyskapande kommune.

Dei siste 30 åra har regionen gått gjennom hatt ein kraftig folkevekst i enkelte område, medan det er nedgang i andre område. Raudt Alver ønskjer ikkje ei utvikling av Alver som rein soveby for Bergen, og me meiner ei vidare utvikling av regionen må baserast på det lokale ressursgrunnlaget.

Raudt har eit mål om ein annan og meir rasjonell økonomi, med større grad av likskap, god levestandard og gode velferdstilbod for alle. Ein økonomi der produksjon og konsum skjer med omsyn til natur og menneske og ikkje ei handfull multinasjonale selskap sin profitt. Oljealderen er på hell, naturen si tolegrense er nådd, og me treng ein ny kurs.

Det høge kunnskapsnivået i Noreg kombinert med moderne teknologi gjer det mogleg å byggja opp ein desentralisert grøn industri. I ein slik økonomi vil ny teknologisk utvikling koma folk til gode i form av redusert arbeidstid, og ikkje som overforbruk og auke i profitt for dei få.

- Utviklinga av Alver skal skje på grunnlag av demokratiske mål, og ikkje av profittstyrte marknadskrefter.
- Lokaldemokratiet må styrkjast, det bør vurderast kommundelsutval på Manger, Frekhaug, Ostereidet, Lindås og Knarvik.
- Styrka fokus på sosiale møteplasser, og på lokale lågterskeltilbod mot utanforskap.
- Det må leggjast opp til ei klimanøytral utvikling i Alver, med målsetnad om ein klimanøytral kommune snarast.
- Overordna arealplanlegging må skje i regi av kommunen, ikkje av private utbyggingsselskap.
- Kommunen bør vera ein pådrivar i arealutviklinga. Gjennom aktivt eigarskap må det sikrast areal til naudsynt sosial infrastruktur, møteplassar og offentleg tenesteyting.
- Oppretthalda kommunale teneste der folk bur.
- Strandsona skal vera tilgjengeleg for alle. Kommunen bør også leggja til rette for tilgang til sjø for alle gjennom kommunale naust/småbåtanlegg.
- Raudt støttar ein progressiv eigedomsskatt for å finansiera den



- kollektive velferda, som til dømes gratis skulemat.
- Utvikle Nordhordland som nasjonalt biosfæreområde.

Skule og barnehage

Raudt Alver meiner at innbyggjarane sine skattepengar skal komme koma barna til gode, og ikkje gå til private selskap på jakt etter profitt. Me vil difor arbeida for at skular og barnehagar skal vera ideelle eller kommunale.

Krefter i samfunnet ønskjer at skule og barnehage skal organiserast og styrast meir som eit selskap som hentar utbytte frå skule- og barnehagedrift, finansiert over statskassa. Staten sin nyliberale politikk er iferd med å byggje ned skulen – den viktigaste institusjonen i samfunnet vårt. Med den auka privatiseringa av skular og barnehagar har me sett grove eksempel på private selskap som har henta profitt frå skule- og barnehagedrift.

- Raudt Alver jobbar for gratis barnehage og SFO.
- Alle nye barnehagar skal vera ideelle eller kommunale.
- Vil støtta rekommunalisering av private kommersielle barnehagar.
- Fleire kommunale læreplassar i mellom anna helsearbeidarfaget og barne- og ungdomsarbeidarfaget.
- Innføra ein leksefri skule.
- Innføra gratis skulemat for barne- og ungdomsskulen.
- Påleggja skular ein matpause på minimum 20 minutt, etter Helse- direktoratet sine tilrådingar.
- Oppretthalda ein distriktsvenleg skulestruktur.
- Alle skuleveggar i kommunen må tryggjast.
- Auka midlar til utstyr og materiell i skulen
- Styrka og oppretthalda nynorsk som regionen si målform.
- Alle læremiddel i grunnskulen skal også finnast på nynorsk.
- Lærarar i kommunen skal få dekkja etterutdanning i nynorsk og nynorsk- undervising, om dei ønskjer det.
- Det bør utviklast eit lokalt tilbod om høgare utdanning i samband med etableringa av Biosfæreområdet i Nordhordland.
- Helsesjukepleiarordninga må styrkjast på alle skular.

Ungdom

Barn og ungdom må sjåast som ein ressurs og skal gjevast spelerom og tilbod. Satsing på ungdom er ein del av å gjera samfunnet meir inkluderande



og nyskapande. For Raudt Alver er det viktig at kultur og idrett skal vera rimeleg og helst gratis, slik at alle – utan omsyn til inntekt – får nytta tilboda.

- Behalda ungdomskoordinatane i dei tre opphavlege kommunane.
- Billegare kulturskule og kulturelle aktivitetar.
- Ja til fleire sjølvstyrte fritidsklubbar.
- Jobba for forsøk med røysterett for 16 åringar.

Miljø

«Grøn vekst» er ein illusjon.

Eit brot med kapitalismen er ein nødvendig føresetnad for berekraft. Ein kan ikkje ha eit økonomisk system som set økonomisk vekst høgast. Klimaproblemet og miljø- og naturøydeleggjingar kan stoppast, men då må veksten i økonomien flata ut, og kanskje til og med bli mindre.

Klimapanelet slår fast at berre ekstreme tiltak kan avgrensa oppvarminga til 1,5 grader. Naturpanelet kjem med to helt konkrete tiltak: Slutt å øydeleggja natur, og restaurer det som allereie er øydelagt.

Sitjande regjering ønskjer ei femdobling av oppdrettsvolumet. Fylkesmannen i Hordaland gjorde i 2018 målingar som viste at Radfjorden, som ligg mellom Meland, Lindås og Radøy, er så forureina frå oppdrettsanlegg at grensa for akseptable miljøtilstandar er i ferd med å bli brotne. Samstundes er Meland kommune i ferd med å opne dette fjordsystemet for endå fleire anlegg. Raudt Alver meiner at lokalt næringsliv må basera seg på det lokale ressursgrunnlaget, og er difor mot nye oppdrettsanlegg i fjordane våre.

- Dagens anlegg må leggjast om til lukka anlegg, og nye konsesjonar for fiskeoppdrett skal berre tildelast lukka anlegg.
- Me støttar arbeidet for å få heva kvikksølvubåten U-864 ved Fedje.
- Raudt Alver vil jobba mot vindmøllepark i Stølsheimen og Fjonfjella.
- Me vil jobba for kommunal vetorett mot utbygging av småkraftverk og vindmøller.
- Kommunen må gje økonomisk stønad til private ENØK-tiltak via Husbanken.
- Kommunen må gå i spissen for utprøving av energi- og klimasparande tiltak som solfangarar og jordvarme, og fornying og effektivisering av kraftanlegg me alt har.



- Landbruket i Alver må oppretthaldast og vidareutviklast, og øydeleggjing av matjord og jordbruksland må stoppast.
- Alle kommunale kantiner og kjøken bør ha minst ein kjøtfri dag i veka, og ha eit fullgodt vegetarisk alternativ til alle måltid.

Samferdsel

Raudt stemte som einaste parti i Stortinget, mot bompengefinansiering av Nordhordlandspakken. Det er staten som krev inn dei bil- og vegrelaterte avgiftene. Utbyggjing av eit tenleg veg- og banenett bør difor vera eit statleg ansvar. Raudt støttar nasjonale mål om reduksjon i biltrafikk. For å sikra ei framtidig finansiering for kollektivreisande, må satsing på kollektivtransport løysast over skattesetelen, ikkje gjennom inntekter frå bompengar. I staden for nye svært kostbare vegprosjekt meiner Raudt at ein burde prioritera ei kraftig satsing på kollektivtilbod og vedlikehald og utbetring av eksisterande vegnett.

- Raudt er imot bompengar.
- Raudt Alver vil jobba imot bompengefinansiering av Nordhordlandspakken.
- Me vil ha hyppigare avgangar på båt og buss.
- Lokale parkeringsplassar for pendlarar i distriktet.
- Raudt Alver vil fremja forslag om at Alver skal vera pilotkommune for nye teknologiske løysingar for kollektivtilbodet i distrikta.
- Flatøy bør utgreiast som framtidig felles kollektivknutepunkt for Nordhordland, med moglegheit for saumlaus overgang mellom bil, båt, gange, sykkel og lokalt og regionalt busstilbod.
- Raudt Alver vil jobba for eigne kollektivfelt i Nordhordlandstunnelen.
- Arbeidspendling til og frå Bergen må løysast gjennom ei radikal satsing og utviding av tilbodet for hurtigbåt og buss kombinert med nye teknologiske løysingar.
- Alle innbyggjarar skal ha tilgang til fiber eller godt mobilt breiband.

Bustadpolitikk

Alver kommune må ha eit bustadtilbod høveleg for innbyggjarane sine ulike livsfasar og behov. Bustad er i ferd med å verta den fremste eksponenten for ulikskap i samfunnet.

- Kommunen må snarast utarbeida ein bustadsosial handlingsplan.



- Det skal etablerast forsøksfelt for nyskapande og eksperimentelle hus, og ulike former for bu- og delingsfelleskap, t.d. som økolandsbyar og moderne klyngetun.
- Me vil ha ei storstilt, kommunal utbyggjing av leigebustader. Bustadane skal leigast ut til ei rimeleg og politisk styrt leiga.
- Kommunen skal ikkje tena pengar på utleige, men leige ut til kostpris.
- Kommunen skal nytta forkjøpsretten i nye burettslag, for å etablera nye kommunale bustadar for utleige.
- Alver kommune skal arbeida aktivt for at førstegongskjøparane, som ikke får lån eller tilstrekkeleg lån i bankar, får lån i Husbanken.
- Det må legga opp til nye sjølvbyggjarprosjekt.
- Det skal stillast krav om grendahus eller felles innandørs møteplassar i nye bustadområde der slikt tilbud ikkje alt er etablert.
- Kommunen skal gje økonomisk stønad til private ENØK-tiltak via Husbanken.

Arbeidsliv

10 prosent av befolkninga mellom 18 og 67 år tek i mot uføretrygd, rundt ein tredjedel skuldast psykiske lidingar. NAV sine prognoser er at talet vil stiga i åra som kjem. Tilgang til arbeidsmarknaden er vanskeleg for menneske med nedsette fysiske eller psykiske evner, rusavhengige og innvandrarar. Raudt meiner at Alver som arbeidskraftskjøpar skal samarbeida aktivt med NAV og andre aktørar for eit meir inkluderande arbeidsliv.

Kommunen er ein stor arbeidsplass. I pleie- og omsorgssektoren finn ein mykje av det fysisk tyngste arbeidet i samfunnet vårt. Når bemanninga i tillegg er for låg til å yta fullverdige teneste, fører dette til psykiske påkjenningar for mange av dei tilsette. Arbeidet i denne sektoren er i hovudsak utført av kvinner, og stillingane er, typisk nok, svært lågt løna. Om Alver kommune skal halda på slitarane og bli attraktiv for nye generasjonar av arbeidstakarar, må desse tilhøva betrast, og den utbreidde bruken av deltid må stoppast.

Innføring av 6-timar normalarbeidsdag med full lønskompensasjon vil bety eit radikalt meir rettferdig samfunn, mellom rike og fattig og mellom kvinner og menn.

- Forsøksordning med 6-timar normalarbeidsdag i de tyngste kommunale stillingane.
- For eit aktivt samarbeid med NAV sin modell for individuell jobbstøtte.



- Faste stillingar skal være normalen slik § 14-9 (1) i Arbeidsmiljølova krev.
- At bedrifter som får væra med i kommunen sine tilbodsrundar skal ha tariffavtalar.
- For å sørgja for at firma som kommunen kjøper tenester frå, er lokale firma med ordna tariff- og lovmessige forhold.
- Tilsette i bedrifter som utfører arbeid og tenester for Alver kommune skal ha anstendige arbeidsforhold.
- Arbeidsplassar og forhandla avtalar skal vidareførast ved anbod og nye leverandørar.
- Krav om lærlingplassar i tilbodsrundar for større byggesaker.
- Å stoppa bruk av bemanningsbyrå.
- Me vil jobba tett med fagrørsla med tiltak mot sosial dumping.
- Avgrensa mellombelse- og prosjektstillingar i kommunale foretak.
- Fleire tilsette og betre løns- og arbeidsvilkår i pleie- og omsorgs-sektoren. Stoppa den utbreidde bruken av deltidsstillingar. Alle som ynskjer det skal få tilbud om heiltidsstillingar.
- For å legge til rette for langt sterkare påverknad frå tilsette og fagleg tillitsvalde i spørsmål som vedkjem arbeidstilhøva i kommunen.
- For ei kritisk og avgrensa bruk av konsulentteneste.
- Raudt Alver vil innføra prinsippa i Oslo-modellen, for eit seriøst og anstendig arbeidsliv.

Helse og sosial

Tilhøva for dei tilsette og tilbodet til dei pleietrengjande heng tett saman. Det viktigaste grepet for å betra helse- og pleietilbodet er å auke grunnbemanninga og personalstabiliteten som gjev brukarane ein trygg og personleg oppfølging. Mange foreldre og pårørande slit seg ut med å ta hand om pleietrengjande familiemedlemar. Raudt Alver meiner omsorg for funksjonshemma, born, eldre og uføre skal vera eit offentleg ansvar. Me meiner at det offentlege skal ha eit fullgodt tilbud til dei som treng det, både når det gjeld tilrettelagt bustad, naudsynt hjelp og for å dekkja avlastingsbehov i familien.

Raudt Alver vil:

- Kjempa mot sosiale forskjellar.
- Eldre og pleietrengjande skal ha tilbud om tilrettelagt bustad og sjukeheimplass i nærmiljøet og i alle livsfasar. Raudt Alver er imot sentralisering av kommunale sjukeheimar.
- Satsane for sosialhjelp skal minst ligga på det Forbruksforskningsinstituttet SIFO ser som naudsynt for å sikra eit rimelig livsopphald.
- Barnetrygd, bustønad og krisehjelp som til dømes stønad til å dekkja



høge straumrekningar, skal ikkje reknast som inntekt når sosialstønad skal vurderast.

- At tenester innan helse- og sosialsektoren som er privatisert eller konkurranseutsett skal førast attende til offentleg eige og folkevald kontroll.
- Fjerna bruk av stoppeklokkeprinsippet i omsorgstenesta.
- Utvide helsesjukepleiartenesta i kommunen.
- Utvida det kommunale jordmortilbodet.
- Auka løyvingar til helsestasjonane i kommunen.
- Auka løyvingar til barnevernet i kommunen.

Industri- og næringspolitikk

Raudt Alver vil jobba for å ta vare på og vidareutvikla industrien gjennom ein aktiv industri- og næringspolitikk. Me ønskjer eit berekraftig næringsliv som sikrar langsiktige inntekter til kommunen. Berekraftig betyr for oss i denne samanheng eit sterkt næringsliv som tar dei økonomiske, miljømessige og sosiale utfordringane med i dei langsiktige planane sine.

Raudt Alver vil starta ei gradvis nedtrapping av oljenæringa ut frå omsyn til noverande og framtidige arbeidsplassar, miljø og klima. Denne omstillinga må gå hand i hand med ei planmessig og storstilt etablering av nye industriarbeidsplassar – ikkje gjennom omstilling til arbeidsløyse. Raudt Alver vil arbeida for ein klimanøytral industri, ved til dømes å leggja til rette for karbonfangst og -lagring (CCS) på Mongstad, og at fleire industriarbeidsplassar vert ført over til utvikling av ny teknologi og grøn industri. Dette må skje med ein langsiktig plan kor me brukar næringslivet sin kompetanse til å byggja opp nye attraktive arbeidsplassar i kommunen vår.

- For å stø og utvikla arbeidsplassar gjennom eit aktivt kommunalt eigarskap.
- Nordhordland bør bruka biosfæreprosjektet som eit springbrett for framtidig næringsutvikling.
- For å bruka inntekter frå eigedomsskatt på næringseigedommar til industriutvikling og miljøvenleg teknologi.
- Kommunen må leggja til rette for å skapa grønne arbeidsplassar innan utvikling av miljøvenleg teknologi, og å nytta industrikompetansen me har for å utarbeida satsingsområde i tida etter olja.
- Omleggjinga av norsk industri, med stadig strengare krav til utsleppskutt, må ikkje gå ut over arbeidsplassar.
- Eigedomsskatt på areal på land og i sjø knytt til oppdrett av fisk.



- For auka vidareforedling der råvarene er.

Landbruk

Nordhordland har ein stolt tradisjon som landbrukssamfunn. Raudt Alver vil ha eit variert og berekraftig landbruk i kommunen vår. Arbeid med landbruk må verdsetjast og bøndene må få anstendig betalt for arbeidet sitt. Me ønskjer eit landbruk som satsar sterkt på matproduksjon som er basert på lokale ressursar og velferd for dyra i verdsklasse. Til dette må bøndene ha ressursar og økonomisk handlekraft.

- For etablering av slakteri i Nordhordland.
- For oppretting av eit lokalt landbrukssamvirke.
- For satsing på lokal matproduksjon basert på grasfôr, ikkje importert fôr.
- For lokal vidareforedling av landbruksprodukta.
- For radikal satsing på variert og allsidig jordbruk med fokus på miljø og velferd for dyra.
- For aktiv bruk av kulturlandskapet.
- Kommunen skal oppretta stadar for utsal av mat produsert lokalt, som «Bondens marknad».
- Prioritera innkjøp av lokalt produsert mat til skular og kantiner.
- Landbruksareal skal ikkje byggast ned, eller nyttast til infrastruktur.

Kultur og idrett

Raudt Alver ønskjer ein kommune med breitt og mangfaldig kulturliv, der kunst og kultur er tilgjengeleg for alle. Kultur og idrett er arenaer der sosiale forskjellar kan viskast ut, men det krev at økonomiske hindringar vert fjerna. Det skal vera mogleg for alle å bruka sine egne evner og ressursar i frivillige organisasjonar. Me vil støtta etablering av eit kulturhus i Knarvik, ein sentral møteplass for kulturlivet. Me ønskjer ikkje eit signalbygg som slukar alle ressursar. Me vil heller ha eit samarbeid i fleire desentraliserte arenaer for øving og framvising av kultur. Kulturtilboda skal ligga der folket bur, og ta i bruk arenaene til barn og unge. Me vil leggja til rette for kulturelle møteplassar, og for meir samhandling mellom kulturskulen og fritidsklubbar, skular, SFO og idrettslaga. Ein kulturarena kan gjerne vera eit fleirbrukshus.

- Desentraliserte arenaer for øving og framvising av kunst og kultur bør prioriterast framfor eit stort sentralt kulturhus.



- Den kulturelle infrastrukturen i distriktet må styrkast.
- Dei kommunale kunst- og kulturarenaene bør òg fungera som livssynsnøytrale seremonirom.
- Raudt Alver vil prioritera eit enkelt og praktisk kunst- og kulturhus i Knarvik.
- Løyvingane til kulturskulen må aukast for ein kraftig reduksjon i brukarbetalinga samt for å gje eit breiare tilbod.
- Faget kunst må styrkast i skulen.
- Me vil jobba mot byggjing av ny kyrkje på Frekhaug.
- Det bør byggjast eit regionalt senter for ikkje-motorisert sjøsport i Alver.
- Planane for Strilamuseum på Seim må realiserast.
- Ta i bruk ordninga med Fritidskort om ordninga vert innført.
- Det må leggjast til rette for samarbeid mellom skular, SFO, fritidsklubbar og kulturskulen.
- Løyvingane til fritidsklubbane og ungdomslaga må aukast.
- Me vil prioritera symjeundervisning, og nye basseng må vera knytt til skulane.
- Halda alle kommunale symjebasseng opne på ettermiddagane.
- Det må leggjast til rette for samarbeid mellom skular, SFO og idrettslaga.
- Løyvingane til biblioteka må aukast.
- Me vil oppretta utstyrsbibliotek, der bøker er bytta ut med sports- og fritidsutstyr, i samarbeid med, eller etter same modell som biblioteka.
- Skular og offentlege bygg skal vera lett tilgjengeleg utan vederlag for frivillige organisasjonar, når dei ikkje er i bruk.
- Legga til rette for livssynsnøytrale arrangement for å fremja mangfald.

Solidaritet og samfunn

Alver skal vera ein god kommune å leva i for alle, uansett kjønn, seksuell orientering, alder, nasjonalitet, hudfarge og religion.

- Greia ut kva kommunen kan gjera for å sikre like lønns- og arbeidsvilkår mellom kvinner og menn. Dette i samarbeid med fagforeiningane.
- Å oppretta eit likestillingsutval i Alver kommune.
- At minst 50% av alle utval skal ha kvinneleg leiar, dei resterende kvinneleg nestleiar.
- At kommunen klagar inn kjønnsdiskriminerande reklame til Forbrukarombodet.
- At seksualundervisninga i grunnskulen legg særleg vekt på seksuell grensesetting, trakassering og voldtekt.



- At ein vesentleg del av seksualundervisninga tar for seg LHBT.
- Gjennomføring av Sett grenser-kurs på alle ungdoms- og fritidsklubbar.
- At kommunen støtter alle haldningsskapande kampanjar som medverkar til toleranse.
- At Alver kommune i større grad tar i bruk moglegheita for eit 3-årig introduksjonsprogram, for deltakarane som har mangelfull grunn-utdanning frå heimlandet.
- Busetjing av flyktningar må skje nær skule, butikk og offentlege tilbod.
- Tilbod om norskundervisning på nynorsk.
- Styrking av språklæring i arbeidslivet, gjennom tilrettelagte arbeidsplasser og opplæringsbedrifter, og ambulerande norsklærarar.

Internasjonalt

Det er eit problem at internasjonal politikk har stor påverknadskraft på lokaldemokratiet. Stortingspolitikarane representerer ikkje fleirtalet sitt syn verken når det gjeld EU-spørsmålet eller angrepskrig. EØS-avtalen og ei EU-lojal regjering arbeider aktivt for å øydeleggja sjølvstyret og livsgrunnlaget for kommunane og distrikta i Noreg. Nesten halvparten av alle saker som vert handsama i norske kommunestyre og fylkesting, vert råka av EØS-lovgjeving og EU-politikk.

Mot den norske opinionen driv Noreg ein imperialistisk utanrikspolitikk, ofte i tråd med amerikanske interesser. Raudt Alver ynskjer å motarbeide USA si rolle i verda og heller støtte folk som står opp og kjempar mot imperialismen, undertrykkjinga og utbyttinga som skjer i verda i dag.

- For nasjonalt sjølvstende og utmelding av EØS.
- Mot norsk medlemskap i NATO og mot atomvåpen.
- Støtte alle lokale, nasjonale og internasjonale initiativ som arbeidar for fred og nedrusting, og mot atomvåpen og krig.
- Søkja å bli venskapskommune med ein russisk kommune.
- Unngå å handla med land som bryter FN sine vedtak.
- For kommunal boikott av apartheidstaten Israel.
- Søkja å bli venskapskommune med ein palestinsk kommune.
- Unngå å handla med utanlandske bedrifter som er avslørt for rovdrift på menneske og miljø.
- Alver kommunestyre skal søkja allianse med andre kommunar med sikte på å avgrensa verknadane av EØS avtalen i kommunale saker.

Raudt sine kandidatar



Hendrik Weber

1. KANDIDAT FOR RAUDT ALVER

Ingeborg Hordvik

3. KANDIDAT FOR RAUDT VESTLAND



Vert med på laget

Vert medlem i Raudt på raudt.no/bli-medlem. Du kan òg melda deg inn via SMS: Send «Raudt [navn] [din e-post] [din adresse]» til 2090.



Følg oss på Facebook: fb.me/raudt.alver

Web: www.raudtalver.no

